



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	18.09.2025
Møtetid:	09:00 - -12:00
Møtestad:	Kommunehuset, Sætremarka 2, Møterom Børilden

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Hege Ramsland	medlem	H	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	

Følgjande frå administrasjonen møte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Britt Mary Skaalevik Lerøy	kommunedirektør
Ronja Tvedt Nordanger	sakshandsamar

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 75/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 76/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå 19. august	
PS 77/2025	Referatsaker	
RS 29/2025	Kommunegrafene - august 2025	
PS 78/2025	Tertialrapport 2 med budsjettjustering	
OS 10/2025	Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 18. september 2025	
PS 79/2025	Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 12.08.2025 til 11.09.2025	
PS 80/2025	Dispensasjon gjenoppføring av nedbrent naust på gbnr. 161/48 - Øksnes	
PS 81/2025	Klagehandsaming terrenginngrep på gbnr. 158/14 - Lerøy	
PS 82/2025	Planprogram for områdeplan for Austrheim kommune sitt kommunesenter, planID. 46322025001- Offentleg ettersyn	
PS 83/2025	Trafikksikringstiltak i Nordre Fonnesvågen	
PS 84/2025	Møteplan for 2026	

PS 75/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sak 75/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 18.09.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 75/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 18.09.2025

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 76/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 19. august

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent

Sak 76/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 19. august
Formannskapet - 18.09.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 76/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 19. august
Formannskapet - 18.09.2025

Møteprotokollen frå sist møte vart godkjent.

PS 77/2025 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek referatsakene til vitande.

Sak 77/2025 Referatsaker
Formannskapet - 18.09.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 77/2025 Referatsaker

Formannskapet - 18.09.2025

Formannskapet tok referatsakene til vitande.

RS 29/2025 Kommunegrafene - august 2025

PS 78/2025 Tertialrapport 2 med budsjettjustering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret tar tertialrapporten og gjeldsrapporten for andre tertial til vitande.
- 2.Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp eit lån i Husbanken på 7,5 millionar kroner til bruk som startlån.
- 3.Kommunestyret godkjenner at budsjettet for sosiale ytingar vert auka med 2,2 millionar kroner, vert finansiert gjennom nye kutt i revidert budsjett for 2025.
- 4.Skatteanslaget for 2025 vert redusert ned med 16 millionar kroner, mens rammetilskota vert auka med tilsvarende beløp.

Sak 78/2025 Tertialrapport 2 med budsjettjustering

Formannskapet - 18.09.2025

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Gjekk gjennom rapportar for skatteinntektene, gjeldsrapporten per utgangen av august 2025, og situasjonen for låna kommunen har teke opp.
- Det er vekst i skatteinntektene, men ikkje like mykje som i ein del andre kommunar, også Austrheim sine nabokommunar.
- Lånerenta har gått litt ned, vekta gjennomsnittsrente er 4,64 prosent 31.08.2025, mot 4,74 prosent 31.08.2024.

- Låneopptaket er innanfor det som er sett opp i Finansreglementet for Austrheim kommune.
- Renteutviklinga er bra, på veg ned.
- Spent på kva som skjer med renta på startlån/Husbanken, om det også vil gå ned.
- Viste også til at det er sett i gang eit arbeid for å oppdatera vedtekter for eigedomsskatten, der det skal gjennomførast ny taksering.
- Budsjetjusteringa omfattar reduserte venta skatteinntekter, men dette er forventast kompensert gjennom auka rammetilskot (statleg inntektsutjamning).
- Må vera førebudde på at innsparingane kan føra til at innbyggjarane sine forventningar til tenester ikkje vert innfridde.
- Anne Hildegunn Færøy orienterte om at ein skal sjå på ordninga for vask av arbeidstøy for Nordliheimen. Må eventuelt ta ein anbodsrunde om dette skal gjerast av andre.

Når det gjeld tilskot frå Havbruksfondet vart det diskutert kring Mattilsynet sitt avslag på ny lokalitet ved Senoksen for fiskeoppdrett. Her er det ein risiko for at det blir redusert tilskot frå Havbruksfondet, sidan det ikkje er klarert nye areal frå kommunen.

- Per Lerøy (Ap) viste til at denne lokaliteten ligg i den godkjente planen for bruk av sjøområde i regionen, der Mattilsynet ikkje hadde protestar i høyringsrundane. I planen vart fire lokalitetar samla til to, herunder denne ved Senoksen som er ei samling av Bø (Radøy) og Allersholmane (Austrheim).
- Lerøy (Ap) har løfta saka til Fiskeriminister Marianne Sivertsen Næss (Ap), saman med andre kommunar som er i ein tilsvarande situasjon med avslag frå Mattilsynet der ein har samla fleire lokalitetar til ein ny.
- Lerøy (Ap) oppfordra til at også kommunen tar initiativ til å klaga på dette avslaget frå Mattilsynet. Må kunna stola på at kommunale planar som er godkjende, blir ståande. Tidlegare er det sagt frå Statsforvaltar at nye planar skal respekterast, det må gjelda også i dette tilfellet.
- Morten Sognnes (H) viste til at Regionrådet skal klaga på dette avslaget frå Mattilsynet, som ikkje er i tråd med den interkommunale planen for sjøareala. Mattilsynet valte å ikkje uttala seg, då planen var på høyring.

Når det gjeld statleg tilskot til ressurskrevjande brukarar, orienterte kommunalsjef for helse og omsorg Anne Hildegunn Færøy om at det har skjedd endringar i regelverket for kor mykje ein kan søka om frå Staten. Ordninga er slik at ein får tilskot berre for brukarar mellom 16 og 67 år, og berre om utgiftene er over innslagspunktet 1 692 000 kroner.

Per Lerøy (Ap) la fram nytt framlegg til vedtak, som tillegg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

PS 78/25 Framlegg til tillegg til vedtak:

5. Formannskapet ber om at kommunedirektøren straks går i dialog med NAV Fensfjorden med tanke på å finna løysingar som reduserer kommunen sine utgifter til sosiale ytingar både på kort og lang sikt.

I tillegg ber me om at følgjande tiltak blir sett i verk:

- Presenter kommunale bustadtomter til sals på kommunen si heimeside
- Gjer det same med kommunale næringseigedommar som er til sals
- Legg listene som viser kor mange hus det kan byggjast i arealplanperioden i kvar bygd ut på heimesida.
- Kommunen må klaga på Mattilsynet sitt vedtak om å nekta etablering av eit oppdrettsanlegg ved Senoksen i tråd med felles plan for sjøareal i Nordhordland.
- Til neste møte i kommunestyret ønskjer me ei orientering om kor mykje pengar kommunen har brukt på konsulentar i saka om nytt helsetun og ei liste over kva konsulentselskap kommunen har nytta seg av i dette arbeidet.
- Me må også få ei orientering om kor mange det er som vert råka av nedskjeringane i timetalet for fritidskontakt, samt kor store reduksjonar det er snakk om for den enkelte brukar. Kor mykje vil kommunen spara på dette tiltaket?

Hege Ramsland (H) kommenterte at dette med auke i sosiale utgifter ikkje berre har vore ei utfordring for Austrheim, men også Fedje og andre kommunar. Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy viste til at dette med sosiale utgifter er ei utfordring i fleire kommunar. I Austrheim er ein i gang med å jobba med dette, og har mellom anna gjennomført møte med Nav.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy sa om timebruk til fritidskontakt at det er på gang brev om nye vedtak på timetal.

- Per Lerøy (Ap) ba om at dette vart utsett til etter 1. oktober, slik at kommunestyret kan få ei orientering på dette for å ta stilling til det. Dette vart lagt til i framlegget til vedtak frå Lerøy/Ap.
- Hege Ramsland (H) etterlyste at denne saka må handsamast i RMNF før det skal gjennomførast kutt. Her svarta kommunalsjef Færøy at fritidskontakt er eit lovpålagt tilbod, men det er ikkje vedteke politisk kor mange timar ein skal ha, og i Austrheim har det nok vore litt raust. Er krav om økonomisk innsparing, og det må skje også her. Det som er gjort så langt, er at det har gått ut eit brev om at timetalet skal vurderast.
- Hege Ramsland (H) viste til at det har komme tilbakemeldingar frå brukarar som har fått sitt tilbod redusert frå 16 til 10 timar i månaden, dette betyr at dei ikkje rekk ein tur på kino eller handling i Knarvik i løpet av dei 2,5 timane det er den eine gongen i veka.

Morten Sognnes (H) sa at han ønskjer å tilby det ledige bustadområdet på Kaland gratis til den utbyggjaren som tar på seg å bygga ut dette.

Etter diskusjonen i formannskapet reviderte Lerøy (Ap) sitt framlegg om tillegg til vedtak: Sak PS 78/25 - revidert framlegg om tillegg til vedtak:

5. Formannskapet ber om at kommunedirektøren straks går i dialog med NAV Fensfjorden med tanke på å finna løysingar som reduserer kommunen sine utgifter til sosiale ytingar både på kort og lang sikt.

I tillegg ber me om at følgjande tiltak blir sette i verk:

- Presenter kommunale bustadtomter til sals på kommunen si heimeside. For bustadareal som kommunen eig på Kaland (gards- og bruksnummer 131/fleire) får administrasjonen løyve til å inngå avtale med utbyggjarar om å overta dette arealet vederlagsfritt, med eigne vilkår gjeldande frist for igangsetting med meir
- Gjer det same med kommunale næringseigedommar som er til sals
- Legg listene som viser kor mange hus det kan byggjast i arealplanperioden i kvar bygd ut på heimesida
- Kommunen må klaga på Mattilsynet sitt vedtak om å nekta etablering av eit oppdrettsanlegg ved Senoksen i tråd med felles plan for sjøareal i Nordhordland.
- Til neste møte i kommunestyret ønskjer me ei orientering om kor mykje pengar kommunen har brukt på konsulentar i saka om nytt helsetun og ei liste over kva konsultentselskap kommunen har nytta seg av i dette arbeidet.
- Me må også få ei orientering om kor mange det er som vert råka av nedskjeringane i timetalet for fritidskontakt, samt kor store reduksjonar det er snakk om for den enkelte brukar. Kor mykje vil kommunen spare på dette tiltaket? Ønskjer ei orientering om dette i kommunestyret 1. oktober.

Formannskapet fastsette kva sum Leirvåg bedehus skal få til jubileet sitt (2.000 kroner per tiår). Kommunedirektøren får i oppdrag å finna kvar midlane skal hentast, gjerne frå eit fond om det er noko ståande som kan disponerast til dette.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, samt det reviderte tillegget frå Lerøy (Ap), og tillegget om gåve til Leirvåg bedehus.

Vedtak i sak 78/2025 Tertialrapport 2 med budsjettjustering

Formannskapet - 18.09.2025

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og gjeldsrapporten for andre tertial til vitande.
2. Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp eit lån i Husbanken på 7,5 millionar kroner til bruk som startlån.
3. Kommunestyret godkjenner at budsjettet for sosiale ytingar vert auka med 2,2 millionar kroner, vert finansiert gjennom nye kutt i revidert budsjett for 2025.
4. Skatteanslaget for 2025 vert redusert ned med 16 millionar kroner, mens rammetilskota vert auka med tilsvarende beløp.
5. Formannskapet ber om at kommunedirektøren straks går i dialog med NAV Fensfjorden med tanke på å finna løysingar som reduserer kommunen sine utgifter til sosiale ytingar både på kort og lang sikt.
I tillegg ber me om at følgjande tiltak blir sette i verk:
 - Presenter kommunale bustadtomter til sals på kommunen si heimeside. For bustadareal som kommunen eig på Kaland (gards- og bruksnummer 131/fleire) får administrasjonen løyve til å inngå avtale med utbyggarar om å overta dette arealet vederlagsfritt, med eigne vilkår gjeldande frist for igangsetting med meir
 - Gjer det same med kommunale næringseigedommar som er til sals
 - Legg listene som viser kor mange hus det kan byggjast i arealplanperioden i kvar bygd ut på heimesida
 - Kommunen må klaga på Mattilsynet sitt vedtak om å nekta etablering av eit oppdrettsanlegg ved Senoksen i tråd med felles plan for sjøareal i Nordhordland.
 - Til neste møte i kommunestyret ønskjer me ei orientering om kor mykje pengar kommunen har brukt på konsulentar i saka om nytt helsetun og ei liste over kva konsulentselskap kommunen har nytta seg av i dette arbeidet.
 - Me må også få ei orientering om kor mange det er som vert råka av nedskjeringane i timetalet for fritidskontakt, samt kor store reduksjonar det er snakk om for den enkelte brukar. Kor mykje vil kommunen spare på dette tiltaket? Ønskjer ei orientering om dette i kommunestyret 1. oktober.
6. Leirvåg bedehus skal få gåve frå kommunen til jubileet sitt (2.000 kroner per tiår). Kommunedirektøren får i oppdrag å finna kvar midlane skal hentast, gjerne frå eit fond om det er noko ståande som kan disponerast til dette.

OS 10/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 18. september 2025

Sak 10/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 18. september 2025

Formannskapet - 18.09.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy viste til at ho nett har starta i jobben, og ikkje hadde noko konkret å orientera om per no.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om status for helse- og omsorgstun.

- Levekårsutvalet som er styringsgruppe kjem seinare med si innstilling i valet mellom tomt 1 og 5, som skal vurderast opp mot tomt 4 (dagens).
- Per Lerøy (Ap) er medlem i styringsgruppa, og viste til at dei med 5 mot 2 røyster har gått inn for å ta i bruk tomt 5 framfor tomt 1.
- Rosenlund viste til den kritikken som kom i kommunestyret 11/9 om rapporten frå Sweco med tanke på tomt 5, og ba om ei utdjuing av kva punkt ein er kritisk til, her svara Per Lerøy (Ap) at det skal han levera.
- Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy viste til at det er innkalla til eit møte 2. oktober der dei ulike brukargruppene skal få komma med innspel til dei ulike funksjonane som skal inn i bygget, utan å ta stilling til tomtevalet.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om status for ulike prosjekt:

- Ryddar uteområde i Kanserdalen, uteetaten tar det sjølv ved høve.
- Jobbar med opprydding rundt kommunehuset, med tanke på innsnevring av tilkomst med bil. I første omgang ei kortsiktig løysing, på lengre sikt ei løysing for "brua" med meir.
 - Morten Sognnes (H) sa at han ønskjer at det vert gjort noko med utearealet kring kommunehuset, inkludert stiane som går gjennom parken. Om det hadde blitt lagt asfalt på dette arealet, ville det blitt lettare å halda ved like etterpå.
 - Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) støtta at det vert gjort noko med uteområdet. Når det gjeld tusenårsbrua, om denne vert fjerna må det komma noko anna som kan brukast som eit aktivitetsapparat for barn.
 - Per Lerøy (Ap) sa at det kan endrast i den nye områdeplanen, for å endra bruken av dette arealet slik at det kan gjerast til kjøreareal utanfor kommunehuset. Har moglegheit til å endra denne planen no. Når det gjeld

tusenårsbrua så var det vedtak om at den skulle fjernast, reagerer på at det ikkje har skjedd. Om det vert lagt asfalt rundt kommunehuset så er det OK.

- Hege Ramsland (H) etterlyste at det vert gjort ei oppreinsking av ugras med meir rundt kommunehuset, dette kan gjerast med enkle midlar.
- Fleire tok opp at det bør vera kapasitet i uteetaten til å ta vedlikehald, her svara Bjarte Rosenlund at dette er noko han kan orientera om seinare.
- Samarbeid med Coop om nytt senterbygg, denne saka kjem til kommunestyret først etter at det er tatt ei avgjerd om nytt helse- og omsorgstun. Dette heng saman med at dersom kommunen bygger nytt helse- og omsorgstun på tomt 1 eller 5, så må kommunen avklara kva ein skal gjera med dagens sjukeheim Nordliheimen, før ein bind seg opp til nye areal i eit senterbygg. Coop er klare for å bygga, og kan gå for ulike storleikar etter kva kommunen ønskjer å leiga av kontorareal og leilegheiter for framleige.
- Ny ambulansestasjon, her har Helse Bergen signalisert at dei ikkje kan venta lenge på eit nybygg, på grunn av krav frå Arbeidstilsynet. Kommunalsjef helse og omsorg Anne Hildegunn Færøy supplerte her, og viste til at det har vore leiarskifte i ambulansetenestene til Helse Bergen, og dei vektlegg no at det må gjerast noko her for å etterkomma krav frå Arbeidstilsynet med tanke på rein og skitten sone med meir. Ei lokalisering saman med nytt Helse- og omsorgstun kjem ikkje raskt nok for dette.
- Jobbar vidare med å rydda i leigeavtalar, for å få leigeprisar opp til gjengs leige, vil gå fram til 2031.
- Jobbar med å ordna leigeavtalar slik at dei leiger direkte av privat eigar heller enn gjennom kommunen.
- Jobbar med VA Kystlandsbyen.
- Jobbar med ein interessant på å kjøpa kommunalt areal i Kystlandsbyen.
- Kommunale vegar og prioritering av vedlikehald, her kjem det ei eiga sak til budsjettarbeidet om dette.
- Jobbar med sal av tomter. Ei tomt på Kaland som er selt i fjor er prosjektert med 16 einingar.
- Informasjonsskilt for kommunen tek sikte på å bruka QR-kodar som leier inn på heimesida, for informasjon. Ser at det er vanskeleg å få opp "Velkommen til Austrheim"-skilt.
- Per Lerøy (Ap) etterlyste pris på VA og trafikktryggleik Førland-Solend, kommunalsjef Rosenlund svara at det vil enda på rundt 14 millionar kroner. Det var spørsmål om prosjektering, Rosenlund svara at dette var inkludert i arbeidet Nordhordland Grunn

og Betong vann anbodet på. Lerøy (Ap) etterlyste kva som er prosjektert her med tanke på kostnad, massebalanse i prosjektet med meir.

- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) etterlyste at skilt om stengt innkjøring på Kaland skule vert fjerna no som det er sett opp låst bom.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om rekruttering av sjukepleiarar frå Spania:

- Dei første sjukepleiarane kjem denne veka, skal gjennom nokre språktestar og vil jobba som helsefagarbeidarar, før dei etter kvart med rette språkkvalifikasjonar kan jobba som sjukepleiar.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 10/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 18. september 2025
Formannskapet - 18.09.2025

Formannskapet tok orienteringane til vitande.

PS 79/2025 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato
12.08.2025 til 11.09.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tar dei delegerte vedtaka til vitande.

Sak 79/2025 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 12.08.2025 til 11.09.2025
Formannskapet - 18.09.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ronja Nordanger Tvedt orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 79/2025 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 12.08.2025 til 11.09.2025
Formannskapet - 18.09.2025

Formannskapet tok dei delegerte vedtaka til vitande.

PS 80/2025 Dispensasjon gjenoppføring av nedbrent naust på gbnr. 161/48 - Øksnes

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå Kommuneplanen sin arealdel med plan-id: 4632_2013001 (godkjent 11.04.2019) for omsøkte gjenoppbygging av nedbrent naust på 161/48.

Vilkåra er:

- 1.At ålmenta har tilgang til omsøkt område, og at det ikkje vert privatisert på nokon måte.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.

Sak 80/2025 Dispensasjon gjenoppføring av nedbrent naust på gbnr. 161/48 - Øksnes
Formannskapet - 18.09.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ronja Nordanger Tvedt orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 80/2025 Dispensasjon gjenoppføring av nedbrent naust på gbnr. 161/48 -
Øksnes
Formannskapet - 18.09.2025

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå Kommuneplanen sin arealdel med plan-id: 4632_2013001 (godkjent 11.04.2019) for omsøkte gjenoppbygging av nedbrent naust på 161/48.

Vilkåra er:

1. At ålmenta har tilgang til omsøkt område, og at det ikkje vert privatisert på nokon måte.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.

PS 81/2025 Klagehandsaming terrenginngrep på gbnr. 158/14 - Lerøy

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune tek ikkje klage på vedtak frå Statsforvaltaren i Vestland til følge og opprettheldt tidlegare vedtak. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg handsaming.

Sak 81/2025 Klagehandsaming terrenginngrep på gbnr. 158/14 - Lerøy

Formannskapet - 18.09.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ronja Nordanger Tvedt orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 81/2025 Klagehandsaming terrenginngrep på gbnr. 158/14 - Lerøy

Formannskapet - 18.09.2025

Austrheim kommune tek ikkje klage på vedtak frå Statsforvaltaren i Vestland til følge, og opprettheldt tidlegare vedtak. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg handsaming.

PS 82/2025 Planprogram for områdeplan for Austrheim kommune sitt kommunesenter, planID. 46322025001- Offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til planprogram for områdeplan for Austrheim kommune sitt kommunesenter, planID. 46322025001 vert sendt ut på offentlig ettersyn. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9.

Sak 82/2025 Planprogram for områdeplan for Austrheim kommune sitt kommunesenter, planID. 46322025001- Offentleg ettersyn

Formannskapet - 18.09.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ronja Nordanger Tvedt orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) ba om at det vart teke med at det er kommunesenteret i Mastrevik, sidan det er vedteke at det er to kommunesenter i Austrheim, både Mastrevik og Kaland/Fonnes.

Per Lerøy (Ap) viste til at det i formannskapet i mars vart lagt framlegg om å utvida planområdet til å også omfatta idrettsbana med meir, og slik ta opp i seg den gamle planen som Asplan/Viak har utarbeidd for Årås skule og idrettsparken. Denne planen som Asplan Viak utarbeidde vil vera veldig kostbar å etterleva, og det er det ikkje rom for med den kommuneøkonomien ein har i dag. Det som planen legg opp til er heller ikkje enkelt å vedlikehalda, som til dømes inndeling av parkeringsplassen med refuger.

Semje i formannskapet om å gjera endringar i planområdet slik det er også vedteke i formannskapet tidlegare (møtet i mars 2025), samt at administrasjonen får i oppgåve å komma tilbake til formannskapet med ei vurdering av om ein skal oppheva planen for skuleområdet og idrettsparken (laga av Asplan/Viak) og planen for sentrumsområdet rundt kommunehuset.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegget frå formannskapet.

Vedtak i sak 82/2025 Planprogram for områdeplan for Austrheim kommune sitt kommunesenter, planID. 46322025001- Offentleg ettersyn
Formannskapet - 18.09.2025

Framlegg til planprogram for områdeplan for Austrheim kommune sitt kommunesenter, planID. 46322025001 vert sendt ut på offentlig ettersyn. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9.

Det skal gjerast endringar i planområdet slik det er også vedteke i formannskapet tidlegare (møtet i mars 2025) - (dette er illustrert i kartet som er lagt inn i saka, med namnet "Korrigert kart områdeplan - Formannskapet 18-9-2025.jpg"), samt at administrasjonen får i oppgåve å komma tilbake til formannskapet med ei vurdering av om ein skal oppheva planen for skuleområdet og idrettsparken (laga av Asplan/Viak) og planen for sentrumsområdet rundt kommunehuset.

PS 83/2025 Trafikksikringstiltak i Nordre Fønnesvågen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune vedtek å byggja to fartsdumpar i Nordre Fønnesvågen som vist på kart. Grunngevinga vert gjeven i saksutgreiinga. Kostnadane på kroner 35.000 kr vert teke av disposisjonsfondet.

Sak 83/2025 Trafikksikringstiltak i Nordre Fønnesvågen

Formannskapet - 18.09.2025

Handsaming:

I denne saka var Hege Ramsland ugild.

Sakshandsamar Ronja Nordanger Tvedt orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. La til at plasseringa av fartshumpane kan justerast i tråd med innspel.

Morten Sognnes (H) ba om at bestilling av fartshumpar vart koordinert med anna asfaltarbeid, for å halda kostnaden nede.

Per Lerøy (Ap) la fram tilleggsframlegg i saka:

- Det har tidlegare kome innspel om liknande tiltak ved Vestlia og den kommunale vegen i Bergsvik. Desse må vurderast saman med tiltaket på Fønnes.

Ann Kristin Leirvåg (Ap) presiserte at innspelet frå Vestlia har komme inn nyleg.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) viste til at det står midlar på fond i samband med trafikksikringsprisen, rundt 60.000 kroner, som kan brukast til dette.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegget frå Lerøy/Ap.

Vedtak i sak 83/2025 Trafikksikringstiltak i Nordre Fønnesvågen

Formannskapet - 18.09.2025

Austrheim kommune vedtek å byggja to fartsdumpar i Nordre Fønnesvågen som vist på kart. Grunngevinga vert gjeven i saksutgreiinga. Kostnadane på kroner 35.000 kr vert teke av disposisjonsfondet. Det har tidlegare kome innspel om liknande tiltak ved Vestlia og den kommunale vegen i Bergsvik. Desse må vurderast saman med tiltaket på Fønnes.

PS 84/2025 Møteplan for 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i vedlegget.

Sak 84/2025 Møteplan for 2026

Formannskapet - 18.09.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Tilbakemeldinga frå formannskapet var ein må sjå nærare på innhaldet for todagarssamlinga i mai, for å sjå at innhaldet på desse møtedagane er matnyttig. Semje i formannskapet om at ein kjem med innspel til administrasjonen om innhaldet på desse dagane, og ber om å få programmet ut i tilstrekkeleg tid til å komma med innspel og tilbakemeldingar. Dersom det vert gjort arbeid med strategien, til dømes kommuneplanen sin samfunnsdel, må ein følgja opp dette arbeidet i etterkant.

Per Lerøy (Ap) oppfordra til å bruka noko midlar på eit betre trådlaust nett i Rongevær, Morten Sognnes (H) sa at dette er noko ein kan spela inn til turlaget, som leiger Rongevær.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 84/2025 Møteplan for 2026

Formannskapet - 18.09.2025

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i vedlegget.